



Arkiv: L12
Saksmappe: 2011/2420
Sakshandsamar: Sveinung Toft
Dato: 02.12.2011

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
	Plan- og miljøutvalet	14.12.2011

Søknad om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav gjeve i reguleringsplan for Seim skule

Saka skal avgjerast endeleg i plan- og miljøutvalet.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2 i plan – og bygningslova og på følgjande vilkår:

Det skal etablerast eit enkelt fortau langs heile skuletomta fram til den nye planlagte avkjøringa til skulen. Dette skal ikkje medføra flytting av eksisterande fylkesveg.

Det vert vist til grunngjevinga i saka nedunder.

Saksutgreiing:

Saksdokument vedlagt:

Søknad om mellombels dispensasjon frå ABO plan & arkitektur stempla motteke 29.11.2011.

Reguleringsplan for Seim skule, kart og føresegner.

Kommunestyret godkjente reguleringsplanen for Seim skule i kommunestyremøte den 22.09.2011.

ABO plan & arkitektur har på vegne av Lindås kommune v/ eigedomsavdelinga i brev stempla motteke 29.11.2011 søkt om mellombels dispensasjon frå rekkjefølgjekrav gjeve i reguleringsplanen for Seim skule i føresegna sitt punkt 2.5.1 der det står:

” Fortau/ busslomme langs skuletomta mellom profil 650 og profil 1150, vert bygd ferdig i samband med utbygging av ny skule. Vidare utbygging av fortau/omlegging av leidningsnett vert søkt gjennomført som eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune og kommunen.”

Søknaden om dispensasjon vert grunngjeve med at kostnaden med gjennomføringa fører til at skulebygginga blir monaleg høgare enn det kommunen har budsjettert, og at det vil

medføra at oppføringa av ny skule må utsetjast i tid. Det vert vist til at skulen på Seim er i dårleg forfatning og at det er sterkt ønskjeleg å få gjennomført skuleprosjektet så snart råd er. Søknaden om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet er mellombels, og meininga er å byggja fortau i samsvar med reguleringsplan når finansieringa av utbetring av fylkesveg 402 er på plass. Omsøkt løysing er vist på kartskisse vedlagd søknaden, og viser at det mellombelse fortauet skal leggjast inn på det regulerte skuleområdet innanfor eksisterande fylkesveg og skal gå fram til eksisterande avkøyring opp til skulen. I tillegg skal det byggjast fortau på austsida i svingen til krysset mot fylkesveg til Neset. Fortauet vil få ei breidde på 2,5 meter og vil gå frå eksisterande busstur og i særleg retning ca 35 meter. Det skal etablerast fotgjengarovergang til fortauet på vestsida. Søknaden vert avslutta med at ein meiner at fordelane med å gje dispensasjon er større enn ulempene ved at skuleutbygginga må utsetjast i tid.

Statens Vegvesen har fått søknaden om dispensasjon til fråsegn. Det er per dagsett dato ikkje kome svar frå denne instansen. Det er sannsynlegvis kome svar når denne saka kjem til handsaming i utvalet. Administrasjonen har hatt samtalar med vegkontoret om kva krav som kan vera aktuelt for die å fremma, m.a. har forlenging av fortauet fram til ny avkøyring til skulen vore nemnt.

Vurdering:

Dispensasjonen gjeld kravet om utbetring av fylkesveg med tilhøyrande fortau og regulering av avkøyningar mellom profil 650 og 1150, som er gjeve som krav i punkt 2.5.1 i føresegnene til reguleringsplanen. Omsøkt tiltak kan gjennomførast utan omlegging av eksisterande fylkesveg 402. Føremålet med dispensasjonen er å spara store investeringskostnader knytt til utbetring av fylkesvegen i ei lengd av om lag 500 meter, ein kostnad som er stipulert til å kunna verta på om lag 15 millioner kroner. Ein del av desse kostnadane skuldast også at den kommunale hovudvassleidningen som ligg på vestsida av fylkesvegen i dette området må gravast opp og flyttast.

Dispensasjonsvurdering:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegn fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggjast særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

I dette tilfellet kan ein vektleggje at tungt at dei kommunale investeringane i samband med rekkjefølgjekravet vert tunge, og at det gjer at skuleprosjektet må/ vil verta utsett i tid.

Fordelane ved å gje dispensasjon er såleis:

- Oppføringa av ny skule må ikkje utsetjast i tid på grunn av dei høge kostnader knytt til rekkjefølgjekravet om utbetring av fylkesvegen.

Ulempene ved å gje dispensasjon er:

- Ulempene er knytt til at ein ikkje får byrja på eit viktig trafikksikringstiltak i denne sentrale delen av Seim bygda, og at den finansielle krafta bak å få gjort dette vert redusert/ utsett i tid.

Administrasjonen har etter drøftingar med m.a. med Statens Vegvesen kome til at det er føremålsteneleg at det også vert bygd eit enkelt fortau mellom den nye regulerte avkøyringa opp til skulen og det omsøkte fortauet som går sør til eksisterande avkøyring. Då oppnår ein å få bygd eit samanhengande fortau langs skuletomta, noko som vil gje ein tryggare situasjon for mjuke trafikkantar langs fylkesvegen.

Administrasjonen kan ikkje sjå at søknaden om dispensasjon har vesentlege ulemper med unnatak av ulempa som er nemnt ovanfor. Ei forlenging sør til planlagt avkøyring langs skuletomta vil også redusera ulempene og gjera løysinga meir trafikksikker. Me vurderer difor etter ei samla vurdering at fordelene er større enn ulempene, jf. kravet i plan- og bygningslova sin § 19-2. Om regionale styresmakter skulle meine noko anna må dei nytta klageretten som dei har, når vedtaket vert sendt ut på høyring.

Sidan det hastar å koma vidare med denne søknaden vert saka fremja før Statens Vegvesen sitt svarbrev er kome til kommunen.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Det vert vist til utgreiinga ovanfor knytt til trafikktryggleik.